

Referat – Årsmøte i Sveio Venstre for 2021

Årsmøte i Sveio Venstre vart gjennomført digitalt vha. Google Meet 28. februar 2022 klokka 19:30 til ca. 21:00. Leiar var ordstyrar.

Oppmøtte:

Andreas Kraaijeveld Enerstvedt, Ruth Vihovde Strand, Daniel Strand, Knut Richard Hein Sønsteby (kom ca. 20:00) og Bernhard Endseth Nerland.

Saksliste:

- ÅM1 – Godkjenning av innkalling og saksliste
- ÅM2 – Årsrekneskap (utsatt/flytta til Knut kom)
- ÅM3 – Val av styremedlemmar (nestleiar og skrivar)
- ÅM4 – Kommunevalet 2023

ÅM1 – Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkallinga og sakslista vart godkjent.

ÅM2 - Årsrekneskap

Knut (kasserar) opplyste om at rekneskapet ikkje var klart. Det har vore nokre problem med tilganger til nettbanken i Sparebanken Vest. Dialogen med Sparebanken Vest er pågåande. Årsrekneskapet vert difor utsett, og Styret vert orientert når dette føreligg.

ÅM3 - Val av styremedlemmar

Styreverv vert valt for to år. Sitjande nestleiar og skrivar er høvesvis Ruth Vihovde Strand og Andreas Kraaijeveld Enerstvedt, og desse to verva var på val. Verva som leiar og kasserar er ikkje på val før årsmøte for 2022 (dvs. i 2023).

Sittande nestleiar og skrivar tok gjenvall. Det var ingen motkandidatar eller beneforslag. Sittande nestleiar og skrivar vart einstemmig gjenvalt.

Styret i Sveio Venstre får då følgjande samansettnad for 2022:

Leiar:	Bernhard Endseth Nerland
Nestleiar:	Ruth Vihovde Strand
Kasserar:	Knut Richard Hein Sønsteby
Skrivar:	Andreas Kraaijeveld Enerstvedt

ÅM4 – Kommunevalet 2023

Leiar informerte om at kommune- og fylkestingvalet kjem mot oss med stormskritt, og at Sveio Venstre på byrje å bestemme seg om planen vidare i samband med dette.

Leiar ynskja debatt om det var å stille eiga liste (Venstre-liste) eller om me skulle gå saman med eit anna mindre parti og stille fellesliste. Styret diskuterte. For fellesliste vart det løfta fram at ein ved å ha liste saman med eit anna parti kan ha større sannsynlegheit i få fram sin



argumentasjon og politikk i sakar (høgare sannsyn å kome inn i kommunestyret og hovudutval). Ei ulempe er å finne eit parti i Sveio som det kan vera aktuelt å ha fellesliste saman med. MdG vart nemnt som eit alternativ, men deira politikk og inntrykk nasjonalt vart dratt fram som å vera urealistisk og kompromisslaus. Ein annan potensiell ulempe ved eit listesamarbeid er at ein òg kan miste politisk integritet i argumenter og i partiet.

Det vart einstemmig vedteke at Sveio Venstre vert å stille med eiga liste til kommune- og fylkestingvalet i 2023.

Det krev engasjement å stå på ei politisk liste. Me treng ei nominasjonsnemnd. Skrivar og nestleiar vart førespurt om å forhøyre seg med sine nærmaste om forslag til nemndkandidater og/eller listekandidater.

Det vart planlagt at leiar kallar inn til eit møte som skal vera like over påske kor ein tek føre seg valkamp, strategi for komande og framtidige valkamper og valprogram. Det er ynskjeleg å prøve å få involvert dei to nye medlemma i dette møtet. Leiar tek kontakt med dei.

Kasserar stilte spørsmål om korleis partiet stillar seg i sakar som er omdiskutert og vanskelege. Han ytra ynskje om å ha nokre konkrete sakar som vert flagga som «Venstre-sakar». Leiar synte til Venstre sitt program for inneverande periode (vedlagt), og at tilsvarande må utarbeidast for komande periode (Red.anm: Me treng ei programmenn). Styret vert nok i praksis å inngå i denne nemnda). Det vart vidare stilt spørsmål til om kommunen og dei andre partia har langtidsplanar som det er mogleg å lese igjennom. Leiar viste til kommuneplanen som Sveio kommune sitt øvste styrande dokument for planar, ynskje og strategi framover. Sveio kommune heng etter når det kjem til kommunalt planarbeid (Red.anm: Sveio kommune har no oppretta ei ny avdeling for Samfunnsutvikling som skal stå fristilt frå Plan- og næringsavdelinga).

Det vart ikkje teke opp nokre eventuelt-sakar. Årsmøtet vart heva ca. 21:00.

For Styret.